



# Vedtekter etter Lov om barnehagar

1. Furuhaugane barnehage er ein privat samvirkebarnehage med 64 plassar for barn i alderen 1-5 år.
2. Barnehagen vert drive i samsvar med Lov av 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) med forskrifter og departementets føresegner og retningslinjer.
3. Barnehagen sitt opptaksområde er:
  - a. Barn busett i Flora Kommune
  - b. Barn busett i andre kommunar i Sogn og Fjordane
  - c. Barn busett i andre kommunar i Norge
4. Barnehagen har samordna opptak med kommunen, og føl i hovudsak Flora Kommune sine opptakskriteria.  
Barn av tilsette kan gå framfor andre søkerar ved tildeling av plassar som eit rekrutterings- og stabiliseringstiltak.  
Barn med søsken i barnehagen kan gå framfor andre søkerar ved tildeling av plass  
Søknad om plass skjer elektronisk via Flora Kommune.
5. Barnehagen har følgjande tilbod  
100% plass er 5 dagar pr. veke  
80% plass er 4 dagar pr. veke  
60% plass er 3 dagar pr. veke  
50% plass er 2/3 dagar pr. veke el. anna kvar veke
6. Barnehagen sitt leike og opphaldsareal er:  
4 m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 5,33 m<sup>2</sup> for barn under 3 år.
7. Ved tildeling, har barnet plass fram til skulestart.  
Det er 1 månads oppseiingstid for ein barnehageplass.  
Oppseiinga gjeld frå den 1. i påfølgjande månad.  
Etter 1. mars kan ein ikkje seie opp plassen utan særskild grunn (fråflytting, langvarig sjukdom o.l.) Dokumentasjon som erklæring frå lege eller flyttemelding vert kravd.  
Tvilstilfelle vert avgjort av styrar.
8. Eigar fastset foreldrebetaling etter gjeldane reglar i forskrift om foreldrebetaling.  
Foreldrebetaling vert kravd inn i 11 månader. (Juli mnd. er betalingsfri)  
I tillegg til foreldrebetalinga kjem kostpengar.  
Det vert gjeve søskenmoderasjon.  
Eigar kan seie opp avtala ved manglande betaling.

9. Barnehagen er open frå kl. 06.45 til kl. 16.30 måndag tom fredag.  
Offentlege høgtidsdagar held barnehagen stengt.  
Julafta, nyttårsafta og onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl. 12.00
10. Personalet har 5 planleggingsdagar i løpet av eit barnehageår, desse dagane er barnehagen stengt.
11. Styringsorgan i barnehagen der foreldre/føresette er deltakarar  
Foreldreråd - sett saman av foreldre/føresette til alle barn i barnehagen og skal fremje fellesinteresse og medverke til å skape eit godt barnehagemiljø.  
Samarbeidsutvalet (SU) - sett saman av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, eigar kan delta etter eige ønske.  
Foreldreutval (FUB) - foreldre/føresette sitt organ og skal ivareta deira interesse, og sett saman av foreldre/føresette frå kvar avdeling, vald på foreldremøte kvar haust.  
Leiar av FUB i barnehagen, er medlem av det kommunale FUB.  
Representantar frå FUB er og medlem av styret for barnehagen.